

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

**Avdeling for  
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

---

<b>Dato</b>	21.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/61532-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr 128 bnr 4 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 01.06.2022 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 128, bnr. 4 i Austrheim kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det funne ei grønnsteinsøks frå eldre steinalder nær/i traseen, funnet er markert som eit lausfunn i kulturminnedatabasen Askeladden med id. 90647. Øksa er funne mellom 1-2 m.o.h noko som kan bety at den er deponert i sjø i steinalder. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart difor vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

I denne saka gjer vi spesielt merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyretemakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift